



Dei 5 norske deltakarane i EYBB. Vegard fremst.

**Uskedalstrompetisten Vegard Døssland(19) er denne veka travelt opptatt med deltaking i European Youth Brass Band (EYBB) som har samling i Oslo i samband med EM for brassband. Onsdag hadde dei kyrkjekonsert på Lillehammer. Denne konserten vert omtala som forrykande på spilleglede.no. Endå meir overstrøymande var kritikane etter konserten i Oslo konserthus torsdag kveld. Framstående brasstoppar meinte etter den at årets EYBB-utgåve var den beste nokon sinne.**

Samlinga starta sist lørdag. Då møttest 36 unge musikarar frå 12 ulike land. 5 av dei er norske.

- Å få spele i EYBB håper eg kan bli ein flott, utviklande og inspirerande opplevelse, både musikalsk og sosialt, sa uskedalingen Vegard Døssland til NRK/Hedemark tidlegare i veka.

Dette ser ut til å ha slått til for fullt. Gunn K. Eriksrud Lunde frå Ski, ei av dei andre norske, seier følgjande til spilleglede.no: - Vi har det utruleg kjekt saman, både på øving og på konsert. Det er gøy å vise kva vi har lært og fått til saman frå 12 ulike nasjonar. Det går hardt utover ambisen (amasjøren), men dirigenten, Irene Anda, er flink til å spør om vi treng pause.

Dirigenten fortel at ungdomane er dyktige individualistar, men kjem frå ulike kulturar. All instruksjon foregår på engelsk. Det er dirigenten som skal jobbe dei saman. Ho dirigerer med stødig hand, ho er myndig og nøyaktig.

Det er tydeleg at dei lange øvingsøktene, frå 10 om føremiddagen til 21 om kvelden, under hennar leiing har gjort susen! Sjølv dei mest kresne brassbandkritikarane er storveis imponert over det det internasjonale ungdomskorpset presenterer.

Programmet er som nemnt tettpakka. Dei to tidlegare nemnde konsertane er vel gjennomførte.

Då uskedalen.no prøvde å få kontakt med Vegard i føremiddag, var han opptatt på den offisielle opninga i samband med EM i Oslo rådhus. Musikk frå EYBB, champagne og alt som høyrer med sytte for ein stilfull seremoni.

I morgon, lørdag, skal EYBB først gje føremiddagskonsert i Oslo konserthus saman med det finske korpset Aura Brass. Om kvelden er det klart for gallakonsert i same lokale. I tillegg til EYBB opptreer då fjorårets europameistrar Black Dyke Band, Norges Nasjonale Brassband og Ole Edvard Antonsen.

Søndag vert samlinga avslutta, og dei 36 ungdommane kan forlata Oslo etter 9 dagar fylt med opplevingar for livet.

Elles finn ein mykje stoff om EYBB og EM for brassband på [www.spilleglede.no](http://www.spilleglede.no)

Tekst: Ola Matti Mathisen

Foto: NMF



Frå kyrkjekonserten på Lillehammer 1.mai.